



Overordna strategiplan for Hardangerrådet 2021 - 2024

Visjon for Hardanger:

Hardanger skal vera ein god og berekraftig region å leva i, å arbeida i og utvikla seg i. Hardanger skal vera ein region med høg grad av samarbeid og tillit.

Mål for Hardangerregionen:

- Hardangerrådet skal me byggja ein sterk region med samhandling, løysingar og nettverk på tvers av kommunane.
- Hardangerrådet skal vera eit strategisk organ for Hardanger, og gjennom samhandling bidra til ei berekraftig utvikling og styrking av regionen.
- Hardangerrådet skal vera ein aktiv pådrivar og arbeida strategisk med samfunnsutvikling på ulike arenaer.
- Hardangerrådet skal arbeida for ein regional innovasjonskultur med fokus på kunnskapsoverføring og interaktive læringsprosessar.
- Hardangerrådet skal vera ein regional innovasjonsleiar med fokus på breie og opne prosessar utøvd på tvers av sektorar, oppgåver og nettverk.
- Hardangerrådet skal ha ei nøkkelrolle i forhold til regional fornying og omstilling ved at det kan gjera regionen i stand til å identifisera og samla seg om nye utviklingsspor og moglegheiter.
- Hardangerrådet skal representera regionale interesser overfor fylkeskommunen, stortings- og regjeringsapparat, den statlege forvaltninga og det statlege verkemiddelapparatet.
- Hardangerrådet skal i si verksemd utgjera ein meirverdi for medlemskommunane i høve til å forsterka interessene deira inn mot regionale og sentrale styresmakter

Hovudinnsatsområder er :

1. **Regional utvikling** : Distriktspolitiske arbeid, samarbeid mellom regionråd, attraktivitet, aktivitetar, kultur, digitalisering, omdøme/vertskap.
2. **Humankapital/Innbyggjarar**: Demografi, kompetanse, lytta til ungdomane, innsats for tilflytting.
3. **Næringsutvikling** : Viktige næringar, utdanning, heilårsarbeidsplassar, rett kompetanse, attraktivitet.
4. **Infrastruktur**: Samferdsel og digital infrastruktur/5G
5. **Smart innovasjon**: Betre utnytting av ressursar, arbeidstakrar, forvaltingssystem, utvikling, attraktivitet.

